



Alf og Johannes Hjørnevåg, her i hagesentermuren, er utålmodige. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det vil bli inngått strengte kontraktar som slår fast kven som skal bu i Hagetunet i Uskedalen. Dei 4 bustadane som skal byggjast på den gamle hagesenter-muren skal vere for den same kategori bebuarar som dei som bur i Myro-området. Det preiserer verksemdsleiar Leif K. Kongestøl.**

Med andre ord er den aktuelle kategori primært psykisk utviklingshemma, som kan ha arbeidsplassen sin på AFA.

Dette er ein viktig opplysning sidan det har vore noko uvisst kva kommunen eigentleg legg i ordet 'vanskelegstilte' bortsett frå at det gjeld slike som ikkje har nok inntekt til å skaffa seg ein bustad.

Fleire har stilt kritiske spørsmål og vist til spesielle erfaringar med bebuarar i Herøysund. I den samanhengen har dei også vist til kor nær barnehagen og skulen Hagetunet blir liggjande.

Dei som står bak prosjektet, Alf og Johannes Hjørnevåg og Trond Lekva Myklebust, ser no fram til at saka skal bli avgjort i kommunen. Det skal utifrå det som vart sagt i siste formannskapsmøte skje til veka. Trioen har eit sterkt ønskje om å få koma i gang med prosjektet snarast mogeleg, seier Johannes Hjørnevåg til uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen